



Arkivnr: 2016/723-1

Saksbehandlar: Helge Haavardtun

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		10.02.2016
Fylkesutvalet		24.02.2016

**Tertnes vgs - romprogram****Samandrag**

I vedtaket om skulebruksplanen i FT i mars 2013 vart det bestemt å samle dagens tilbod på ST i bydelen Åsane på Tertnes vgs. Det betyr at tilbodet som i dag er på U. Pihl vgs vert flytta til Tertnes vgs.

Fylkestinget handsama på møtet 9. juni 2015, sak om fagtilbodet ved dei vidaregåande skulane i Åsane. For Tertnes vgs var det gjort følgjande vedtak:

«Tertnes vert dimensjonert med totalt 735 elevar på studiespesialiseringe utdanningsprogram (ST). Start på rehabilitering og nybygg ved Tertnes vgs vert framskunda til 2016. Planane for rehabilitering og tilbygg bør også omfatte nye areal for kroppsøving.»

Ved utforming av romprogrammet har ein også vurdert bruken av eksisterande skule. Då dagens tilbod innafor ST med formgjeving og SS (Service og samferdsel) skal til andre skular, vert desse lokala bygget om til ny bruk. Romprogrammet omhandlar difor heile skulen.

Nettoarealet for skisseprosjektet er på 7.827 m<sup>2</sup> me ei bruttoareal på 12.082 m<sup>2</sup>. Tilbygget har eit bruttoareal på 5.700 m<sup>2</sup>, der idrettshall med tilleggsfunksjonar utgjer 3.151 m<sup>2</sup>.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet godkjenner at det framlagte romprogrammet/skisseprosjektet vert lagt til grunn for vidare planlegging av tilbygg-, ombygging og rehabilitering av Tertnes vgs.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Jostein Fjærstad  
eigedomsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

- Vedlegg:
1. Asplan Viak, Skisseprosjekt datert 07.01.2016
  2. Planer – romprogram, datert 18.12.2015
  3. Arealoppstilling mot FEF-modellen

## Fylkesrådmannen, 18.01.2016

### Bakgrunn

I vedtaket om skulebruksplanen i FT i mars 2013 vart det bestemt å samle dagens tilbod på ST i bydelen Åsane på Tertnes vgs. Det betyr at tilbodet som i dag er på U. Pihl vgs vert flyttet til Tertnes vgs.

Fylkestinget handsama på møtet 9. juni 2015, sak om fagtilbodet ved dei vidaregåande skulane i Åsane. For Tertnes vgs var det gjort følgjande vedtak:

«Tertnes vert dimensjonert med totalt 735 elevar på studiespesialiserande utdanningsprogram (ST). Start på rehabilitering og nybygg ved Tertnes vgs vert framskunda til 2016. Planane for rehabilitering og tilbygg bør også omfatte nye areal for kroppsøving.»

Nye Åsane vgs skal byggjast på tomta der U. Pihl held til i dag. Kva som skjer med bygningane som i dag husar U. Pihl vgs er ikkje bestemt, men i alle høve må skulen flytte ut nå byggearbeida pågår. Det er difor viktig at rehabilitering og nybygg ved Tertnes vgs er ferdig før arbeida på Nye Åsane vgs startar opp i 2018.

Tertnes vgs gjer tilbod om ST med toppidrett i samarbeid med Olympiatoppen. Skulen har ikkje eigne kroppsøvingslokalar men leigar tid til kroppsøving i Åstveithallen og Buehallen. Desse lokalane stettar ikkje dei forventningane Olympiatoppen har til toppidrettstilbodet, og i framtida vil ein heller ikkje få naudsynt leigetid i dei to hallane.

Planane for tilbygg vil difor også omfatte nye areal for kroppsøving. For toppidretten er det viktig med ein basishall for grunnmotorisk trening som balanse, koordinasjon, styrke, spenst og rørsle. Dette er basistrening for alle idrettar og er viktig for å oppnå resultat og førebygge skadar.

### Areal

Romprogrammet bygger på 8 parallellear med ST, til saman 24 klassar. 3 av desse klassane er knytt til toppidrett i samarbeid med Olympiatoppen. Vedtaket i FT er 735 elevar. Ved berekning av romprogram tek ein utgangspunkt i fulle klassar med 30 elevar som gir eit elevtall på 720.

Ved utforming av romprogrammet har ein også vurdert bruken av eksisterande skule. Då dagens tilbod innafor ST med formgjeving og SS (Service og Samferdsel) skal til andre skular, vert desse lokala bygget om til ny bruk. Romprogrammet omhandlar difor heile skulen.

Nettoarealet for skiseprosjektet er på 7.827 m<sup>2</sup> me ei bruttoareal på 12.082 m<sup>2</sup>. Tilbygget har eit bruttoareal på 5.700 m<sup>2</sup>, der idrettshall med tilleggsfunksjonar utgjer 3.151 m<sup>2</sup>. Romprogrammet er kontrollert mot FEF-Arealmodell som med utgangspunkt i elevtal og studieprogram bereknar eit orienterande areal. Tala frå programmeringa er meir gjennomarbeid men det er likevel viktig å kontrollere arealet i romprogrammet mot FEF-modellen. Dette synar eit nettoareal med unntak av tekniske rom på 7.319 m<sup>2</sup> mot 6.712 m<sup>2</sup> etter FEF modellen, eit avvik på 604 m<sup>2</sup>.

Avviket skyldast at tilleggsareal til toppidrett på ca. 600 m<sup>2</sup> (basishall på 500 m<sup>2</sup>, matterom 80 m<sup>2</sup>, kontor Olympiatoppen 18 m<sup>2</sup>) ikkje er medrekna i FEF-modellen. Med tre klassar toppidrett aukar timane med kroppsøving frå 48 til 78 timer i uka, som utgjer eit tillegg på 1.000 m<sup>2</sup> utover det FEF modellen visar. Det vert difor fortsatt naudsynt å leige areal for kroppsøving.

Tertnes vgs er ei eksisterande skule som tidlegare har fått eit tilbygg med administrasjon og undervisningsrom. Dette inneber at ein må ta omsyn til form og storleik på eksisterande rom, og at ikkje alle areal kan utnyttast optimalt. I arealoppsettet vert dette synleg ved at det er lagt inn noko meir areal til personale som garderobe, kontorar og fleksible arbeidsplassar til midlertidige tilsette, enn det FEF-modellen visar.

I det nye tilbygget er det teke med seks realfagsrom, mot fem som FEF-modellen gir med utgangspunkt i 50% elevfordeling på realfag på VG2 og VG3. Dei eksisterande klasseromma på Tertnes vgs er noko mindre enn dagens norm, og auditoriet er også lite. Det ekstra realfagsrommet kan nyttast når ein har trong for større klasserom.

Tilbygget har eit bruttoareal på ca. 5.700 m<sup>2</sup>. Utanom idrettsarealet på 3.151 m<sup>2</sup> inneheld tilbygget realfagsrom, møterom, lærararbeidsplassar, sone for elevtenester, utvida kantine og nye avfalls- og reinhaldsrom.

I eksisterande skule blir det en del ombyggingar knytt til flytting av bibliotek, nytt kantinekjøkken, personalgarderobar og resepsjon knytt til administrasjonen. I tillegg er det tatt med oppgradering av overflater i den eldste delen av skulen.

Det visast til vedlagte planar for romprogram og arealstabell.

### **Regulering og byggetomt**

Det har vært avholdt møter med Bergen kommune om reguleringsstatus for tomta. Eigedommen inngår i allereie etablert offentleg struktur. Eit planforslag for tiltaket kan gå som mindre endring, men tilbakemelding frå partar som skal uttale seg kan føre til at det må utarbeidast full reguleringsplan.

Delar av tomta er i dag eigd av Bergen kommune. I brev frå kommune har vi tilbod om å kjøpe naudsynt tomt. Dette kjem vi tilbake til i eiga sak når det er avklart kor stort tilleggsareal vi må kjøpe.

### **Økonomi**

Med utgangspunkt i romprogram/skisseprosjekt er tilbygget kalkulert til 160 mill. kr. og ombygging/rehabilitering til 40 mill. kr. Inkludert kjøp av tomt og førebuande arbeid er førebels prosjektkostnad sett til 210 mill. kr. I investeringsbudsjettet er det førebels avsett 142 mill. kr.

### **Enterpriseform**

Prosjektringsgruppa for Tertnes vgs vil no starte opp arbeidet med forprosjekt basert på vedtatt romprogram. Forprosjektet vil danne grunnlag for å hente inn tilbod på byggearbeida.

Byggearbeida er planlagt gjennomført som totalentreprise. Inkludert i arbeida er ny veg til byggeområdet på sørsida og utanom dagens skuleområde.

### **Framdrift**

Ein vonar å kunne starte opp grunnarbeida mot slutten av 2016. Ein har då teke omsyn til naudsynt tid for reguleringsarbeid. Skulebygget kan då vere ferdig til skulestart i 2018.

### **Vidare politisk handsaming**

Etter at ein har henta inn pris på byggearbeidet vil ein leggje fram sak om forprosjekt. Saka vil innehalde endelege planar basert på forprosjekt, avklara framdrift og prosjektkostnad basert på innhenta tilbod. I konkurransegrunnlaget vil ein ta etterhald om politisk godkjenning av forprosjektet før ein kan inngå kontrakt om byggearbeida. Ein tek sikte på å legge sak om forprosjekt fram for politisk handsaming i 2. halvår 2016.